
Tokke-Vinje vassområde

Referat frå møte i arbeidsgruppa 11.3.2019

Møtet blei halde på Dalen. Dei frammøtte var Olav Bjørn Bakken, Anita Cecilie Kirkevold (Telemark fylkeskommune), Jostein Kristiansen, Arne Kjellsen og Helge Kiland. Det var meldt avbod frå Vinje kommune.

1. Rekneskap.

Rekneskapen viser eit underskot på kr 4459 og ein balanse på kr 593 209. Dette omfattar både arbeid og tiltaksovervaking etter vassforskrifta, arbeid med revisjonssaka for konsesjonane for vasskraft og kjøp av konsulenttenester. Kommunane har i 2018 kjøpt tenester frå Faun Naturforvaltning for om lag kr 150 000. Tokke kommune har også kjøpt tenester frå Multiconsult for om lag kr 100 000.

2. Tiltaksovervakinga i 2018 var konsentrert om vassvegetasjon i Tveitevatn og Grungevatn, påvekstalgar, botndyr (makroinvertebratar), sopp og bakteriar på 3 stasjonar i Kjela og 4 stasjonar i vassdraget frå Farhovd og nedover med Sauråi, Liåi og Tansåi. Resultata viser god og svært god tilstand på alle stasjonane så nær som den øvste stasjonen i bekken mellom Uvatn og Farhovdtjønni. Her viste botndyrprøvene moderat økologisk tilstand. Det var også resultatet i 2017. I Grungevatn og Tveitevatn viste ikkje vassvegetasjonen anna enn svært god tilstand med omsyn til eutrofiering. I Grungevatn blei det funne enkelte eksemplar av tusenblad. Den arten blei ikkje registrert i Tveitevatn. I Tveitevatn er det elles mykje elvemose, medan det i Grungevatn synes å vera meir algar som festar seg til den andre vassvegetasjonen.

3. Kommunane er innstilte på å forlenge avtala si med Faun. Det er budsjettert med kr 150 000 til overvaking og kr 200 000 til kjøp av tenester. Det er også rekna med kr 120 000 til dekning av løn i kommunane og kr 20 000 til ymse drift. Samla tilskot er rekna til kr 500 000 og omfattar mellom anna tilskot frå kommunane, frå fylket, fylkesmannen og vassregionen. Statkraft vil yte eit tilskot på kr 35 000, som tidlegare år.

4. Fylkesmannen lagar forslag til overvaksingsprogram for 2019, i samarbeid med Helge Kiland. Mellom aktuelle stasjonar blei det nemnt Uvatn og del av Totak utanfor Rauland reinseanlegg.

5. Framlegg til planprogram med oversikt over hovudutfordringar for neste planperiode 2022 – 2027, delprogram Tokke – Vinje vassområde blei presentert. Dokumentet blir sendt til høyring 1. april. Ny tiltaksanalyse skal vera ferdig i mai/juni 2020. Det var ingen merknader eller tillegg til oversikten over

hovudutfordringar som er presentert til slutt i dokumentet. Det blei nemnt at i vassregion Vest-Viken vil Drammensvassdraget med Eikeren bli ført over til den nye Vassregion Øst, medan resten blir verande i vassregion Vestfold – Telemark (V-T).

6. Forsøpling og herrelaust avfall er eit hovudtema i fleire vassområde, og Telemark fylkeskommune har for 2019 løyvd 1 mill kr til rydding av plast med vidare. Kor stort problemet er hos oss er usikkert (regional utfordring men ikkje så mykje lokalt?). Hold Norge Rent organiserer ryddeaksjonar og har ein eigen ryddeportal der ein kan ta ut registreringsskjema. Vassområda bør vende seg til skulane og informere dei om vilkår for å vera med på rydding av avfall langs strender og i vassdrag.

7. Jostein Kristiansen orienterte om status for fysiske tiltak i nedre del av Tokkeåi. I 2019 er det bare mindre tiltak ved Buøy som står att. Det vil vidare bli gjennomført full kartlegging av det som er gjennomført frå fossen og ned. Han refererte også til resultata i den siste ungfiskrapporten frå LFI, som viser ein statistisk oppgang av ungfisk frå 2011 til 2018, sjølv om det i 2018 blei registrert færre ungfisk enn tidlegare. Registreringane tyder på at den økologiske tilstanden med omsyn til kvalitetselementet fisk er svært god i Tokkeåi.

Helge Kiland viste til at dersom ein går ut i frå at auren i Tokkeåi ikkje lever i konkurranse med andre fiskeartar men lever aleine (allopatrisk bestand) er tilstanden i staden dårleg. Sjølv om det av og til kan gå opp sik og røye nedst i åa, og det også er noko ørekyt kan ein ikkje utan vidare vurdere auren som samlevande med andre fiskeartar. Og da blir klassegrensene strengare.

NVE har utført flaumsikring langs delar av Tokkeåi, og det er delvis også nytta materiale frå elva til å bygge opp flaumvollar. Dette førte til at delar av elvebotnen blei planert, som Statkraft seinare har prøvd å «rufse til» igjen.

Elles er Tokkeåi eit næringsfattig elvesystem med moderat tilvekst (ca 4 cm/år) hos auren. Men noko aure blir veldig gammal med ein vekst som varer ved heile livet, jamfør den nye staurerapporten (NINA rapport 1496, Museth et al 2018). Ein heilskapleg forvaltningsplan for Bandak og Vestvatna med tilhøyrande gyteelvar (Tokkeåi, Dalåi, Skarprudstraumen, Kilen med vidare) er etterlyst. Denne ballen blir med dette sparka over til fiskeforvaltaren i Telemark, med spørsmål om å sette i gang arbeid med fiskereglar og forvaltningsplan for stauraestamma i vassdraget.

8. Årsrapport for vassområdet har frist 30. april og vil bli utarbeidd etter mal frå vassregionen sendt 4. mars 2019.

9. Stilling som assisterande miljødirektør for Vestfold-Telemark, med ansvar for faggruppe vatn blir lyst ut. Vassforvaltninga blir truleg lagt under samfunnsavdelinga. Det er håp om at vassforvaltninga får bli i Skien.

Fyresdal, 12. mars 2018

